

## Varierende for entreprenørane

26.09.2014

**Resultatet i 2013 var noko varierende for entreprenørane i Uskedalen, syner rekneskapsoversikten som no føreligg. Eit selskap som gjorde det betre enn året før var Byggpartner Kvinnherad. Medan dei gjekk på ein minus på 1.046.000 i årsresultat i 2012 var årsresultatet ein pluss på 1.245.000 i fjor.**

Brødrene Musland gjekk ut med eit resultat på 167.000 i fjor mot 580.000 i 2013 og LAN bygg hadde ein minus på 162.000 i 2013 mot 119.000 året før. Sverre Myklebust Maskinstasjon hadde ein pluss i fjor på 17.000 etter ein pluss på 884.000 i 2012.

Med unntak av LAN er entreprenørane i Uskedalen omtrent jamnstore: Driftsinntekta til Brødrene Musland er såleis 6.725.00 medan den i Byggpartner Kvinnherad kjem opp i 5.970.00 og Sverre Myklebust i vart 6.147.000. LAN hadde i fjor ei driftsinntekt på 1.468.000 kroner.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen